# HORDALAND MUSIKKLAG 50 ÅR

*1925–1975*

*FRAM DÅ FRENDAR*
*I FREDELEGE KAPPSTEG*




*Uskedal Musikklag*

Uskedal Musikklag, Uskedalen vart skipa den 1. mars 1936 etter opptak av Uskedal Ungdomslag. Laget tok til med 10 medlemer.

Første instruktøren var musikkløytnant Johan Klette. Etter at han hadde fått laget i gang overtok Edvard Myklebust leidinga fram til 1944. Abel Haugland hadde så leidinga ei kort tid, og etter han Andreas Haugland fram til 1948. Sigurd Wang som då overtok har sidan vore instruktør.

I 1956 skipa laget eige gutemusikklag. I 1959 vart det innkjøpt nye instrument og dei gamle vart overtekne av Uskedal Skulemusikk som då vart skipa.

Opplæring i begge desse laga har vore driven av medlemer av Uskedal Musikklag med Sigurd Wang som instruktør. Grunna desse tiltaka har det vore god tilgang på nye medlemer og laget har hatt jamn framgang.

Laget har delteke på dei fleste krins- og fylkesstemner og eit landsstemne. Medlemstalet er no 33.